

## Referat

### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** 3 - 2017  
**Dato/tid:** 15.mai kl. 9 - 15  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Oddvin Nessen, Helge Kvam, Mette Fauskanger, Ingebjørg Søreide, Helga I Ellingsen, Nina Kvamme og Grete Herøy og Anne Hildegunn Færøy  
**Ikkje møtt:** Olav Mongstad og Leni Dale  
**Møteleiar:** Helga I Ellingsen  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

Saksnr	Saker
9 - 11	<b>Møte i styringsgruppa for psyk./rus prosjektet.</b> Prosjektleiar sender referat frå denne delen av møtet.
17/17	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Godkjent utan merknader
18/17	<b>Godkjenning av referat frå Møte 2-2017, 31.mars</b> Referatet er godkjent utan merknader
	<b>Lunsj og open time</b> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Oppfølging av sak 12/17 - Etablering av nettverk for dei som arbeidar i PU tenesta.</b> Det er behov for å utarbeide eige mandat for dette nettverket. Mandatet som er utarbeidd for Nettverk Flyktningarbeid kan nyttast som eit utgangspunkt. Helga sender dette til kontaktperson for nettverket.</li> <li><b>Kunnskapskommunen</b> - har endra namn til Kunnskapskommunen Vest. Dei kommunane som ikkje er med i samarbeidet vert framleis oppmoda til å delta. Det er sendt ut invitasjon til konferanse 15.juni; <a href="#"><u>Kunnskapskommunekonferansen 2017- sammen for fremtidens kommunale helse- og omsorgstjenester.</u></a></li> </ul>
19/17	<b>Bruk av ØHD (oppfølgingssak adm.nemnd for NLV 31.01.17)</b> Erna Fosse, driftsleiar NHLV presenterte bruk av døgnplassar til øyeblikkelig hjelp(ØHD), for perioden juni 2016 - mars 2017. Hittil i 2017 har belegget lagt på 41 %. PP som viser meir detaljar om bruken av døgnplassane er vedlagt i e-post. <b>Konklusjon:</b> Kommunalsjefgruppa takkar for presentasjonen og tar dette til orientering.
20/17	<b>Brannførebygging i PLO - avtale mellom NGIB og kommunane</b> Avtale om samarbeid mellom NGIB og kommunane om sikkerheitssjekk hjå brukarar av heimetenesta er sendt til kommunane. Til no har ingen av kommunane signert avtalen. Det vert m.a stilt spørsmål ved korleis denne avtalen skal følgjast opp, korleis samarbeidet med brannsjefen i den enkelte kommune vert samordna, ansvaret som PLO skal ta på seg gjennom denne avtalen og kva rolle den kommunale feiartenesta får i dette arbeidet. Kommunalsjefane meiner at sjekklista som følgjer avtalen i større grad må tilpassast behov og målgruppe og at avtalen burde vert presentert og samordna med brannsjefane i den enkelte kommune før det vart drøfta med leiarar for PLO. <b>Konklusjon:</b> Kommunalsjefgruppa vil ikkje tilrå at avtalen vert inngått slik den føreligg, og ber brannførebyggjande avdeling(NGIB) ta kontakt med brannsjefen i kvar av kommunane for eventuell inngåing, implementering og oppfølging av avtalen. Vidare ber kommunalsjefgruppa at punkt i sjekklista vert vurdert og at det evt. vert gjennomført ein revisjon.

21/17	<p><b>Støttekontakt og avlastningsheimar</b>  Forskrift om arbeidstid for avlastar er sendt ut på høyring. Grete Herøy spør om det er aktuelt med felles høyringsuttale til KS.  <b>Konklusjon etter drøfting:</b>  Ikkje prioritere å gje felles uttale til denne høyringa.</p>
22/17	<p><b>Velferdsteknologi</b>  Søknad om skjønsmidlar og midlar gjennom Velferdsteknologiprogrammet.  Status:  Austrheim, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Fedje og Gulen har fått kr. 700.000,-, og Lindås, Meland og Radøy har fått kr. 800.000,- i skjønsmidlar frå Fylkesmannen til planlegging og implementering av velferdsteknologi.  Søknad til det nasjonale Velferdsteknologiprogrammet vert avgjort 19.mai. (2 andre søkerar i Hordaland.) Vidare planlegging vert fastlagt etter 19.mai. Helga Ellingsen og Kari Bjørkheim koordinerer arbeidet.</p>
23/17	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b>  <u>LAR - staus</u>  LAR-status: Samarbeidsutvalet skal drøfte utkastet til avtale 23.mai.</p> <p><u>Pasientreiser - sak i SU</u>  Helge Kvam refererte frå prosjektgruppa for felles dokumentasjonssystem PLOMS. Står i startgropa i arbeidet med konkurransegrunnlag. Arthur Reinertsen er med i arbeidet. Planlagt å ha konkurransegrunnlaget klart i løpet av hausten.</p> <p><u>Referat frå møte i Fagrådet for kommuneoverlegar</u>  Komunalsjefgruppa ber om å få tilsendt referat frå møta i fagrådet for kommuneoverlegane. Dette for å halde seg orientert om sakene som fagrådet har på agendaen i sine møter.  Anne Hildegunn sender melding om dette til leiar for fagrådet.</p>